

Årsmelding 2015

Styre

Christoffer Knagenhjelm, Sogndal. Leiar. Attvalt i 2015 for 2 år som styremedlem og attvalt for 1 år som leiar i 2015. På val som leiar i 2016.

Anja Eilertsen, Bergen. Valt for år i 2015, på val i 2017.

Ellen Siren Bruarøy, Os. Valt for år i 2015, på val i 2017.

Ragna Kronstad, Aurland. Valt for to år i 2015, men har bedt om å bli erstatta pga. flytting

Idun Husabø, Leikanger. Valt for 2 år i 2015.

Kristin Goverud, Bergen, Valt for 2 år i 2014.

Tore Bergum, Ullensvang, har fungert som kasserar i 2015, noko laget er særst takksemnd for.

Christian Zurbuchen, Økoringen Vest. 1. vara. Attvalt for 1 år i 2015. På val i 2016 .

Knut O. Dukstad, Voss. 2. vara. Attvalt for 1 år i 2015. På val i 2016.

Torgeir Magnar Børve, Kvam. Revisor. Attvalt for 1 år i 2015. På val i 2016.

Torggrim Aalvik, Kvam. Revisor. Attvalt for 1 år i 2015. På val i 2016.

Signe Karin Kvamsøy, Kvam. Vararevisor. Attvalt for 1 år i 2015. På val i 2016.

I 2015 var Tore Bergum, Una Kolle og Anna Milford valstyre.

Årsmøte 2015

Årsmøtet var halde på Impac Hub 15. februar i Bergen. Styret har hatt tre styremøte på Skype og eit styremøte i Kaupanger. Elles har vi halde naudsynt kontakt per telefon og e-post. Nokre av oss har møtttest i samband med arrangement, som t. d. Matfestivalen og Økoveka i Bergen.

Landsmøte og tillitsvaltsamlinga

Anja og Christian representerte laget på landsmøtet til Oikos i 2015. Laget hadde ikkje sendt uttale til møtet i år på enkeltsaker. Anja deltok på tillitsvaltsamlinga på vegne av laget i november. Å vere med på desse landsomfattande møta er viktig med tanke på å bygge ut det nasjonale øko-nettverket. T.d. resulterte kontakten vår med landsmøtorepresentantane frå Buskerud i at Fauskivalen www.fauskivalen.no frå 2015 vert arrangert med minst 50 % øko-mat og –drikke (sølv-valørmerke, <http://www.debio.no/bedrifter/oekologisk-servering>).

Medlemsarbeid

Regionlaget har i 2015 fortsatt fokuset på medlemsverving. Dette har vært gjort gjennom Matfestivalen, Økoveka og Facebook. Arbeidet har godt resultat. I dag har Oikos – økologisk Norge ca. 6000 medlemmer, derav om lag 570 medlemmar i Oikos Vest sitt område.

Utdeling av Økopris Vestlandet

Måndag 30.11.2015 fikk Bjørg Fritsvold Økoprisen Vestlandet for sitt engasjement for økosaken og måten hun har leia Sogn- jord og hagebruksskule gjennom ein krevjande tid. Prisen blir delt ut kvart år av Oikos Vest og dei økologiske rettleiingsorganisasjonane på Vestlandet, men Oikos Vest koordinerer arbeidet og finansieringa, med god støtte frå begge FMLA. Christoffer og Ragna var ansvarleg for arbeidet med økoprisen.



Bjørg Fritsvold

Utdelinga fann stad under opning av utstillinga om arbeidet for å redde jordbrukskulen i Aurland. Prisen består av eit innramma originalt diplom og ei pengegåve på 5 000 kr.

ØKOVEKA i Bergen

Styret vedtok at Økoveka (Økouka elles i Norge) skulle vere satsingsområde. Økouka vart første gong halden i Oslo og har etter kvart spreitt seg til Trondheim og Stavanger og er ein viktig møteplass for både forbrukarar, produsentar og andre relaterte næringer. Det var styret som tok initiativ til å kalla arrangementet her vestpå "Økoveka" og fekk gjennomslag for dette på sentralt hald.



Økoveka 2015, Smaksverkstad

Økoveka vart organisert ved at Ellen Siren Bruarøy var prosjektleiar med organisasjonshjelp frå Anja Eilertsen. Christoffer bidrog med hjelp til søknads- og rapportskriving, samt budsjettarbeid. Prosjektet vart støtta av fylkesmannen i Hordaland, fylkeskommunen i Hordaland og Oikos sentralt.

Satsinga var ressurskrevjande for laget, men vellukka, og det er bestemt å gå vidare med prosjektet i 2016, men då med ein litt anna organisering, med mellom anna ekstern prosjektleiar. Økoveka vil òg bli organisert i samarbeid med Oikos Bergen, slik at arbeidet vil bli delt på fleire personar.

Vi viser elles til eigen rapport om økovekatil FMLA dagsett 29.11.2015

Oppretting av nytt lokallag i Bergen

Viktig, og svært gledeleg, var oppretting av nytt lokallag i Bergen. Då Bergen har størst medlemsmasse i regionlaget, og ikkje minst er Noregs neststørste by, har det vore stort sagn at det ikkje har vore eige lokallag her. Lokallaget vart stifta 14. oktober 2015. Styreleiar var tilstade ved første styremøte.

Bergen Matfestival

Oikos Vest deltok òg i 2015 på Matfestivalen i Bergen. Anja, Ragna og Ellen gjorde en veldig god innsats med planlegging og koordinering av innsatsen.



Oikos Vest på Bergen Matfestival!

Andelslandbruk

Arbeidet med forprosjektet andelslandbruk vart formelt avslutta (samarbeid med Økoringen Vest). Utgangspunktet for dette forprosjektet var Sogn og Fjordane, og Christian Zurbuchen var ansvarleg for prosjektet. Christian Z deltok også på "idémyldring om andelslandbruk" i Førde 22.10.2016. M.a. tok han i denne samanhengen til ordet for å revitalisere SØLL (Sunnfjord økologiske landbrukslag) som eit lokallag av Oikos. Dette for å kome raskare i gong og for å unngå dobbeltorganisering av dei interesserte.

Anna arbeid


Arbeidet med å utarbeide reklamebrosjyre for økoaktørar er framleis ikkje avslutta. Dette prosjektet vert avslutta februar 2016.

Media

Styret i fellesskap har hatt ansvar. Fjordvett (www.fjordvett.no) er mest brukt som informasjonskanal og vidareformidling av stoff frå andre kanalar. Eigenproduksjon av artiklar og anna stoff er noko det må arbeidast meir med.

Facebooksida

(<https://www.facebook.com/pages/Oikos-Vest/228322617257827?fref=ts>) har framleis auke i medlemstalet, frå om lag 50 medlemmar i 2012 til ca. 180 ved årsskiftet 2013/14 og ca. 270 ved årsskiftet 2014/15 til 490 ved årsskiftet 2015/16. Sida vert brukt mykje som rask og enkel informasjonskanal og har eit stort nedslagsfelt med mange engasjerte medlemmar



Facebooksida til Oikos Vest